




Reidar Algerøy imponerte bak orgel og piano

Nicolai Frederik Severin Grundtvig (1783-1871) er den største salmediktaren som Norden har hatt og i kveld vart det gjort skikkeleg ære på han i kyrkja i Uskedalen.

Dei vel 30 frammøtte song 17 av dei 1600 salmane og songane den danske teologen og folkeopplysaren utruleg nok laga. Det er 37 salmar som han har laga i salmeboka vår.



Kveldens leiar var Kristian Olav Bringedal

Dette var den andre salmekvelden som blir avvikla her og initiativtakar og leiar Kristian Olav Bringedal seier at ein slik kveld i halvåret må vera ein passende målsetjing. Det er Ølve som går i spissen i så måte i Kvinnherad. Der har dei avvikla fleire salmekveldar og organist Reidar Algerøy håpar at Uskedalen slår følge. Han har denne grunngevinga for dette ynsket: - Slike kveldar gjev folk eit meir levande forhold til salmane. Teksten opnar seg meir.

Og det som ikveld hjalp til med å opna tekstene var programleiar Bringedal, som fortalde mykje og grundig om Grundtvig og kva han har betydd for åndslivet i Norden. Teologisk stod det strid om han, men alle var einige om hans posisjon som salmediktar. Er vi eigentleg i dagklare over kva for ein enorm songskatt han let etter seg?

Særleg godt kjend er han og som folkehøgskulen sin far. Både i denne og andre samanhengar hadde han 'menneske først og kristen så' som eit motto og 'fridom, likskap og brorskap' som eitt anna. På Vestlandet kom den første folkehøgskulen i 1868 - på Halsnøy Kloster. Bringedal konstaterte at folkehøgskulen vart eit nordisk skuleslag og at eksporten av han til andre delar av verda ikkje har vorte nokon stor suksess.

Sjølv om det ikkje kom så mange i kyrkja i kveld vart det eit vellukka arrangement

og ikkje minst skal han som trakterte orgel og piano ha æra for det. saman med flinke songarar Diverre fekk Sussi Bodin, som skulle ha sunge 5 songar forfall, på grunn av sjukdom. Soknerådet stilte opp med kaffi og kaker.

Det var også eit hyggjeleg amerikansk besøk: Rektor Stein Schille frå ungdomsskulen i Rosendal hadde med seg 3 av 5 lærarskulestudentar som er på skulen hans og Malmanger i 8 veker før dei skal ut i jobb i mai på heimebane i Iowa. Der studerar Ashley Sivers, Jenny Brumwell og Angie Pick ved University of Iowa i Ams.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Amerikanske gjester saman med rektor Stein Schille